

Innkalling

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	31.08.2022
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksis.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 20/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 21/22 Rapport frå eigarskapskontroll 2022 - Ålesund kommune
- PS 22/22 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet i heimetenesta - Ålesund kommune
- PS 23/22 Nummerert brev 04 frå revisor om fosterheimsgodtgjering Ålesund kommune
- PS 24/22 Uttale om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - Fosterheimsgodtgjering Ålesund kommune
- PS 25/22 Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Ålesund kommune
- PS 26/22 Budsjettforslag 2023 for kontrollutvalet sitt arbeid - Ålesund kommune

- PS 27/22 Meldingar
- MS 13/22 Informasjon om ny rettleiar for handtering av henvendingar til kontrollutvalet
- MS 14/22 Høyring frå Forum for kontroll og tilsyn - kommunelova
- MS 15/22 Invitasjon til kontrollutvalsleiaraskulen 2022 - Forum for kontroll og tilsyn

- PS 28/22 Orienteringar
- OS 04/22 Orientering etter fagkonferanse for kontrollutval juni 2022

Ålesund, 24.08.2022

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 20/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
31.08.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Ålesund kontrollutval - 02.06.2022

Møteprotokoll

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	02.06.2022
Tidspunkt	kl 16:00 - 18:30

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Jannicke Strømmen
Knut Helge Vestre
Kåre Alfred Hanken
Terri-Ann Senior

Møtenotat

Frå kommuneadministrasjonen var kommunedirektør Steven Hasseldal og verksemdleiar økonomi, ressurs- og verksemdstyring Lars Fylling til stades.
I sak 12/22 og 13/22 var rådgivar Gunnar Skuseeth tilstades frå Ålesund kommunale eigedom.

Frå Møre og Romsdal revisjon SA møtte dagleg leiar Martin Gjendem Mortensen og oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Linn Gunhild Pettersen.

Frå sekretariatet møtte rådgivar Solveig Kvamme.

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 11/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 12/22 Nummerert brev 01/2022 - frå revisor om Ålesund kommunale eigedom
KF
- PS 13/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund kommunale eigedom KF
- PS 15/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Møre og Romsdal 110-sentral KF
Ålesund kommune
- PS 16/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ingebrigt Davik huset Ålesund KF
- PS 14/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund brannvesen KF
- PS 17/22 Meldingar
- MS 08/22 Kommunedirektøren sin årsrapport 2021
- MS 09/22 Informasjon om generalforsamlingar 2022 i kommunalt eigde selskap
Ålesund
- MS 11/22 Oppfølging av tidlegare orientering om reglement for folkevalde
- MS 12/22 Henvending med spørsmål om lovlighetskontroll
- PS 19/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund kommune
- PS 18/22 Nummerert brev 03 frå revisor om Ålesund kommune

PS 11/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 11/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 12/22 Nummerert brev 01/2022 - frå revisor om Ålesund kommunale eigedom KF

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet bed revisor om å sjå etter og kontrollere at Ålesund kommunale eigedom KF etablerer ein praksis som sikrar at lovverket vert fulgt. Og at revisor melder tilbake til kontrollutvalet.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Rådgiver Gunnar Skuseth frå Ålesund kommunale eigedom KF orienterte om dei tiltak føretaket har sett i verk for å endre rutinene slik at lovverket no vert fulgt.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 12/22 vedtak

Kontrollutvalet bed revisor om å sjå etter og kontrollere at Ålesund kommunale eigedom KF etablerer ein praksis som sikrar at lovverket vert fulgt. Og at revisor melder tilbake til kontrollutvalet.

PS 13/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund kommunale eigedom KF

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet har vurdert det dei har fått lagt fram av dokument og informasjon. På bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet enn det atterhaldet som revisor tek knytt til ein attestasjon, uttaler kontrollutvalet følgjande (jf. kommunelova §14-3):

Etter ei samla vurdering vil kontrollutvalet tilrå Ålesund kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommunale eigedom KF.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 13/22 vedtak

Kontrollutvalet har vurdert det dei har fått lagt fram av dokument og informasjon. På bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet enn det atterhaldet som revisor tek knytt til ein attestasjon, uttaler kontrollutvalet følgjande (jf. kommunelova §14-3):

Etter ei samla vurdering vil kontrollutvalet tilrå Ålesund kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommunale eigedom KF.

PS 15/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Møre og Romsdal 110-sentral KF Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Møre og Romsdal 110-sentral KF.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 15/22 vedtak

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Møre og Romsdal 110-sentral KF.

PS 16/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ingebrigt Davik huset Ålesund KF**Tilråding til vedtak:**

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ingebrigt Davik-huset Ålesund KF.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022**Behandling**

Votering: Samrøystes

ÅKU - 16/22 vedtak

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ingebrigt Davik-huset Ålesund KF.

PS 14/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund brannvesen KF**Tilråding til vedtak:**

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund brannvesen KF.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 14/22 vedtak

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund brannvesen KF.

PS 17/22 Meldingar

MS 08/22 Kommunedirektøren sin årsrapport 2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren sin årsrapport 2021 til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 08/22 vedtak

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren sin årsrapport 2021 til vitande.

MS 09/22 Informasjon om generalforsamlingar 2022 i kommunalt eigde selskap Ålesund

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 09/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande

MS 11/22 Oppfølging av tidlegare orientering om reglement for folkevalde

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Kontrollutvalet bed om at det vert lagt fram ei sak for kontrollutvalet i eit seinare møte, der ein har undersøkt nærare praktiseringa av frikjøpsordninga opp mot gjeldade reglement.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 11/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande

MS 12/22 Henvending med spørsmål om lovlighetskontroll

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Kontrollutvalet inviterer brannsjefen til neste møte for å få ei orientering om arbeidet med harmonisering av lønnsvilkåra for det frivillig brannkorpset

Votering: Samrøystes

ÅKU - 12/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande

PS 19/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere seg kjent med følgjande forhold før dei godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommune:

- årsrekneskap og årsmelding 2021 vart levert lenge etter dei fristar kommunelova set.
- det er gjort ei omklassifisering av langsiktig gjeld til likviditetslån, utan refinansiering og kommunestyrevedtak.
- revisor tek atterhald i si revisjonsmelding knytt til denne omklassifiseringa.

Ut over dette er der ikkje andre tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

tillegg etter kulepunktene i vedtaket, foreslått av Kåre Alfred Hanken, Kontrollutvalet bed kommunestyret vurdere om finansreglementet er i samsvar med gjeldande lovverk.

Votering over opprinnelig tilråding med tillegg: Samrøystes

ÅKU - 19/22 vedtak

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere seg kjent med følgjande forhold før dei godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommune:

- årsrekneskap og årsmelding 2021 vart levert lenge etter dei fristar kommunelova set.
- det er gjort ei omklassifisering av langsiktig gjeld til likviditetslån, utan refinansiering og kommunestyrevedtak.
- revisor tek atterhald i si revisjonsmelding knytt til denne omklassifiseringa

Kontrollutvalet bed kommunestyret vurdere om finansreglementet er i samsvar med gjeldande lovverk.

Ut over dette er der ikkje andre tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale.

PS 18/22 Nummerert brev 03 frå revisor om Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet er kjent med at Ålesund kommune har omklassifisert delar av langsiktig gjeld til likviditetslån utan refinansiering og kommunestyrevedtak.

Revisor har i si revisjonsmelding om årsrekneskap og årsmelding 2021 teke atterhald knytt til dette forholdet.

Kontrollutvalet tek denne informasjonen med vidare i uttalen til kommunestyret om årsrekneskap og årsmelding 2021.

Ålesund kontrollutval 02.06.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 18/22 vedtak

Kontrollutvalet er kjent med at Ålesund kommune har omklassifisert delar av langsiktig gjeld til likviditetslån utan refinansiering og kommunestyrevedtak.

Revisor har i si revisjonsmelding om årsrekneskap og årsmelding 2021 teke atterhald knytt til dette forholdet.

Kontrollutvalet tek denne informasjonen med vidare i uttalen til kommunestyret om årsrekneskap og årsmelding 2021.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 21/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
31.08.2022

Rapport frå eigarskapskontroll 2022 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.
2. Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.
3. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å sette seg inn i rapporten og følgje opp dei forbetringspunkt som rapporten peikar på.
4. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å rapportere på dette til kontrollutvalet innan utgangen av 2022.

Bakgrunn:

Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Delar av den kommunale verksemda blir organisert utanfor den ordinære kommunale forvaltninga. Dette kan vere i form av aksjeselskap, interkommunale selskap eller andre sjølvstendige rettssubjekt. Korleis kommunestyret forvaltar eigarskapane sine, er viktig for å sikre kvalitet på tenester og god forvaltning av dei kommunale verdiane. Dette er også viktig for omdømmet til kommunen.

Formålet med ein eigarskapskontroll er å kontrollere *"om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring"*. kommunelova § 23-4.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Eigarskapskontrollen skal utførast av revisor og gjennomførast i samsvar med Standard for eierskapskontroll RSK 002.

Oppdraget er utført av oppdragsansvarleg revisor Marianne Hopmark og forvaltningsrevisor Anne-Lise Roald frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Vurdering:

Kontrollutvalet vedtok i sitt møte 01.12.2021 å bestille ein prosjektplan for eigarskapskontroll og den vart lagt fram, drøfta og vedteken av kontrollutvalet 26.01.2022. Møre og Romsdal Revisjon SA har 20.juni 2022 levert rapport frå utført eigarskapskontroll

Kontrollutvalet valde sjølve ut kva selskap som revisor skulle nytte, for å sjå nærare på eigarstyring, ivaretaking av eigarinteressene og oppfølging frå eigar. Det vart vald selskap med ulik selskapsform og eigardel.

Rapporten peikar på at dette ikkje er ein kontroll av det enkelte selskap, men ei kontrollhandling for å sjå nærare på korleis eigarstyringa til Ålesund kommune er forankra. Og korleis oppfølginga av det einskilte eigarskap er i praksis.

Hovudformålet med eigarskapskontrollen var å sjå nærare på korleis Ålesund kommune sine eigarinteresser i selskap vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine egne vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet vedtok to problemstillingar:

1. Blir kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?
2. Blir kommunen sine eigarinteresser i Tafjord Kraft AS, Vekst Ørskog AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS, utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?

Vurdering av rapporten

Sekretariatet skal sjå til at rapporten frå eigarskapskontrollen samsvarar med bestillinga, før den blir sendt til kontrollutvalet.

Slik sekretariatet vurderer det så kjem det greit fram kva metode revisor har nytta og korleis dei har gjennomført eigarskapskontrollen og det samsvarer med bestillinga.

Når det kjem til det å vurdere om problemstillingane er svart godt nok ut, så kan sekretariatet ikkje utan vidare finne tydeleg svar på dette i samandraget innleiingsvis. Sekretariatet ser at i konklusjonen på s.18 er revisor noko meir konkret. Likevel kunne revisor med fordel ha gjeve tydelegare tilrådingar knytt til dei funn som er gjort, her er dei berre omtalt generelt i konklusjonen. Med gode tilrådingar frå revisor ville rapporten hatt større verdi for kontrollutvalet når kontrollutvalet skal gje sine tilrådingar til kommunestyret.

Problemstilling 1 om utøving av eigarskap sett opp mot kommunen si eigarskapsmelding og gjeldande lovverk

Revisor si oppfatning er at kommunen har ei god eigarskapsmelding i tråd med lovkrav og føringar for "god eigarstyring".

Revisor gjer greie for at det var krevande å finne ut kven som har møtt som eigarrepresentant i dei ulike selskapa i 2021. Det kan tyde på at eigar ikkje har så tett dialog med den enkelte eigarrepresentant og kan vere eit punkt til forbetring, noko ordførar også peiker på i sitt intervju.

I avsnittet om funn under oppfølging av eigarskap på s. 8, så refererer revisor frå intervju med ordførar. Her kjem det fram gode innspel til korleis Ålesund kommune kan forbetre oppfølginga av sine eigarskap. Det vere seg rutiner for eigenevaluering frå styra i selskapa, system for kven som er utsending til generalforsamlingar, struktur og plan for dialogmøter, årleg eigarbrief, plan og gjennomføring av årleg eigardag. Dette er for det meste lågthengande frukter som kommunestyret kan be eigarutvalet sjå nærare på.

Når det gjeld dei fire selskapa så er det litt ulikt kor godt kjent selskapet sjølve er, med kva strategi for eigarskap som er definert for deira selskap. Tre av dei fire selskapa opplever at dei får regelbunden og god oppfølging frå administrativ leiing i kommunen.

Problemstilling 2 ser på eigaroppfølging i praksis

Revisor har tatt stikkprøver og sett nærare på kvart enkelt av dei selskapa som kontrollutvalet valde ut.

Som det kom fram i første problemstilling så er det noko ulikt kor godt kjent selskapet sjølve er med kva strategi for eigarskapet som er definert frå Ålesund kommune som eigar/deleigar.

Når det gjeld val til styre i selskapa så har Ålesund kommune oppnevnt ein eigen valkomite som skal medverke til at arbeidet med å innhente kandidatar vert kvalitetsikra med tanke på samansetning og kompetansebehov. Det er verd å merke seg at leiar for kommunen sin valkomite også er leiar i Tafjord Kraft AS sin valkomite.

Det er ikkje alle selskapa som har etablert praksis med å gje tilbod om opplæring til sine styrerepresentantar.

Kommunikasjonen mellom selskapa og kommunen vert ikkje alltid handtert i tråd med arkivlov og offentleglov. Stikkprøva viste at kommunikasjonen frå selskapet gjekk til ein representant for kommunen si personlege kommunale e-postadresse og heller ikkje vart journalført. Det kan tyde på at kommunen bør vurdere ei systemisk tilnærming til korleis viktig kommunikasjon mellom selskap kommunen har eigarinteresser i og den enkelte eigarrepresentant, vert dokumentert, journalført og tatt vare på for ettertida.

Det som går igjen frå alle fire selskapa er at KS sitt nasjonale styrevervregister i svært liten grad vert brukt for registrering verv. Generellt sett er det få representantar frå Ålesund kommune som er registrert der. KS har som ein av sine 21 tilrådingar for god eigarstyring eit eige punkt der dei tilrår at dette registret vert nytta.

Tidsplan og ressursbruk:

Det var i prosjektplanen vedteke ein framdriftsplan i samsvar med kontrollutvalet sin møteplan. Etter planen skulle rapporten på høyring i administrasjonen og involverte selskap i april og ferdigstillast medio mai 2022. Rapporten vart ikkje klar for høyring før ein månad seinare enn oppsett plan, og kom for seint til at kontrollutvalet kunne handsame den før kommunestyret i juni. Ferdigstilt rapport er mottatt og journalført hjå sekretariatet 20.juni.

Dette medfører at rapporten vert saksførebudd og først lagt fram for kontrollutvalet i møtet 31. august. Det er uheldig at rapporten vart liggande over sommaren, slike rapportar skal gå utan ugrunna opphald frå kontrollutvalet til kommunestyret. Sekretariatet vil følgje opp dette i sine dialogmøter med Møre og Romsdal Revisjon SA slik at vi unngår unødige seinkingar ved seinare prosjekt.

Når det gjeld ressursbruk så skisserte prosjektplanen ei ramme på 400 timar. Sidan dette er første gongen revisjonen gjennomfører ein eigarskapskontroll etter ny kommunelov, var det vanskeleg å skissere kor mykje tid det ville ta. Prosjektet er gjennomført godt under skissert ramme, med omlag 240 timar brukt.

Vedlegg

Rapport frå revisor på eigarskapskontroll 2022 Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 22/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
31.08.2022

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet i heimetenesta - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på kvalitet i heimetenesta, og ber kommunedirektøren merke seg desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å ha eit særskilt fokus på å etablere ei felles forståing for avvikshandtering på alle nivå i heimetenesta.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å etablere gode rutiner for å innhente og bruke erfaringar frå brukarar og pårørande, til forbetring av heimetenesta.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak til kontrollutvalet sitt første møte i 2023.

Bakgrunn:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Ålesund kontrollutval vedtok i sitt møte 01.12.2021 å bestille ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon om kvalitet i heimetenestene, med bakgrunn i kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent i kontrollutvalet sitt møte 26.01.2022 sak 04/22.

Hovudformålet med denne forvaltningsrevisjonen var å undersøkje om Ålesund kommune organiserer og følgjer opp arbeidet med dei heimebaserte tenestene i tråd med regelverk og rutiner på området. I prosjektplanen vart det gjort ei avgrensing av prosjektet slik at pleie- og omsorgstenestene kommunen leverer i institusjonane ikkje er innanfor ramma for dette prosjektet.

Problemstillingane som revisor utarbeida og kontrollutvalet vedtok er:

1. Er heimetenesta organisert slik at helsepersonell kan gje dei tenestene som brukarane har behov for?
2. Arbeider kommunen tilstrekkeleg med evaluering, korrigerer og forbetring av kvaliteten på heimetenestene?

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA er oppdragsansvarleg revisor Kurt Løvoll.

Forvaltningsrevisorane på dette prosjektet har vore Lillian Reder Kristoffersen og Anne-Lise Roald.

Vurdering:

Møre og Romsdal Revisjon SA har levert ein rapport som set lys på dei områda kontrollutvalet har bestilt revisjon på, kvalitet i heimetenesta.

I rapporten kjem det greitt fram kva metode dei har nytta og korleis dei har gjennomført forvaltningsrevisjonen. Dei viser i innleiinga i rapporten til kva avgrensingar som er gjort, for å halde seg innanfor den ramma som vart gitt av kontrollutvalet.

Samandraget viser til konklusjonane dei har tatt i rapporten og kva tilrådingar dei vil gje Ålesund kommune knytt til funna.

Det er innhenta informasjon frå alle omsorgsdistrikt som har heimeteneste, både frå tilsette og leiarar samt ved dokumentgjennomgang. Det har ikkje vore innhenta informasjon frå brukarar/pårørande i dette prosjektet.

Føremålet med kontrollhandlinga var å undersøke kvaliteten i heimetenesta, ved å sjå på om kommunen har eit system som sikrar at den enkelte brukar får dei tenestene dei har bruk for. Og om kommunen oppfyller si plikt til å evaluere, korrigerer og forbetre kvaliteten på tenestene.

Tidsplan og ressursbruk:

Det var i skissa lagt ein framdriftsplan som tilsa ferdig rapport medio juni. Ut frå det serketariatet er kjent med kom høyringsperioden og slutføring av rapporten litt etter oppsett plan.

Slutført rapport er mottatt og journalført hjå sekretariatet 8. juli 2022.

Prosjektplanen skisserte ei ramme på 400 timer. Ut frå utsendt faktura er prosjektet gjennomført litt over ramma, med ca 415 timar.

Vurdering av funn knytt til den enkelte problemstilling:

- Problemstilling 1: Organisering av heimetenesta

Revisor har brukt tre kriterieie for vurdering av organisering knytt til dei etablerte systema, der ein finn skriftelege prosedyrer, bemanning og kompetanse og til sist informasjonsflyt.

1. Kommunen nyttar internkontrollsystemet Compilo og revisor viser til at det no er i gang eit opprydningsarbeid i dette med tanke på å gjere systemet enklare å bruke.
2. Når det gjeld tilstrekkeleg bemanning og rett kompetanse så har kommunen eit etablert system for planlegging av dette. Både tilsette og leiarar opplever at bemanninga tidvis er for låg og at det ikkje alltid er rett kompetanse tilstades. Sekretariatet si vurdering er at dette er knytt til budsjetttramma for heimetenesta og om det er tilgang på nok tilsette med rett kompetanse.
3. På det siste kriteriet knytt til informasjon så er vurderinga frå revisor at systemet for overlevering av informasjon er der. Spesielt i samhandlinga mellom kommunen si heimeteneste og spesialisthelsetenesta, kan informasjonen til tider vere mangelfull. Sekretariatet si vurdering er at forbetring av informasjonsflyten mellom kommune og spesialisthelseteneste er viktig å ha fokus på og at det er noko av det Helseplattformen skal bidra med.

- Problemstilling 2: Forbetring av kvalitet

Også her har revisor brukt tre kriterie for vurdering av korleis kommunen arbeider med evaluering, korrigerings og forbetring innan heimetenesta.

1. Systemet for å evaluere, korrigerings og forbetre er tilstades, men det kan sjå ut som at det ikkje er godt nok implementert og at det manglar noko på systemforståinga.
2. I rapporten om handtering av avvik og uønskte hendingar, så kjem det fram at avvikssystemet ikkje vert nytta slik det er tenkt. Det som er urovekkande er at det kan sjå ut som at det manglar ei felles forståing for korleis avvik vert handtert og lukka, både hjå leiarar på ulike nivå og tilsette. Og at enkelte tilsette ikkje tør å melde avvik fordi dei er utrygge på om dei då får reprimande frå leiaren sin. Eller at tilsette ikkje melder avvik fordi dei opplever at avvika ikkje vert lukka. Sekretariatet vurderer dette som særskild urovekkande og meiner at kontrollutvalet bør gjere kommunestyret merksam på det. Og råde kommunestyret til å be kommunedirektøren om å sette inn tiltak.
3. Det siste kriteriet er knytt til erfaringar og synspunkt frå brukarane. Her viser det seg at Ålesund kommune ikkje har ei systematisk tilnærming til å innhente erfaringar og synspunkt frå brukarar og pårørande i heimetenesta. Sekretariatet si vurdering er at kommunen då går glipp av informasjon som vil vere nyttig i arbeidet med å forbetre og auke kvaliteten i heimetenesta. Kontrollutvalet bør gjere kommunestyret merksam på dette. Då kan kommunestyret be kommunedirektøren om tiltak for å systematisk dra nytte av erfaringar og synspunkt frå brukarar og pårørande.

Revisor kjem i rapporten med sine tilrådingar til forbetring som kan auke kvaliteten i heimetenesta. Sekretariatet si vurdering er at kontrollutvalet bør tilrå kommunestyret å be kommunedirektøren merke seg desse. I tillegg vurderer sekretariatet det slik at mangelen på ei felles forståing for avvikshandtering er så urovekkande at kontrollutvalet bør kommentere det i eit eige punkt i tilrådinga. Likeså eit eige punkt om systematisk innhenting av brukarerfaring.

Vedlegg

Rapport frå forvaltningsrevisjon kvalitet i heimetenesta 2022 - Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 23/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
31.08.2022

Nummerert brev 04 frå revisor om fosterheimsgodtgjering Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet bed revisor om å sjå etter og kontrollere at Ålesund kommune etablerer ein praksis som sikrar at lovverket her vert fulgt. Og at revisor melder attende til kontrollutvalet når dette er utført.

Bakgrunn:

I følgje kommunelova § 24-7 skal revisor melde frå skrifteleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Utover desse punkta står revisor fritt til å melde frå om andre vesentlege forhold i nummererte brev.

Revisor skal sende nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren. Det er kommunedirektøren som har ansvaret for å rette opp eller følgje opp dei feil og manglar mv. som revisor har teke opp.

Vurdering:

Revisor har sendt kontrollutvalet nummerert brev nr 04 datert 30. juni 2022, i samband med attestasjonsoppdrag knytt til forenkla etterlevingskontroll. Revisor tek i dette brevet opp forhold knytt til etterleving av reglane om fosterheimsgodtgjering.

Revisor peikar på at det er funne avvik i etterlevinga av regelverk og retningslinjer knytt til utbetaling av godtgjering for fosterheimar. Ved enkelte av avtalane var det manglar med tilleggsavtalane som skal gjere greie for godtgjering og for endringar i godtgjering og periode. Revisor må difor gje ein konklusjon med atterhald i sin attestasjonsuttale. Det vil seie at revisor ikkje kan uttale seg om at godtgjeringane er i tråd med retningslinjer og avtaler.

Revisor vil i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for det nummererte brevet og om revisor er kjent med om tiltak er sett i verk for å lukke avvika.

Kommunedirektøren kan i utvalsmøtet gjere greie for administrasjonen sitt syn på kvifor det er gjort slik og om det er sett i verk tiltak for å rette opp dei forhold som er peika på.

Det er opp til kontrollutvalet, etter å ha fått informasjon både frå revisor og kommunedirektør, til å vurdere om dette er eit forhold som er så viktig at dei ynskjer å gjere kommunestyret kjent med det.

Eller om kontrollutvalet kjenner seg trygg på at forholdet vert retta opp i og at kommunen har rutiner som sikrar at praksis er innanfor lovverket.

Sekretariatet er av den oppfatning at kontrollutvalet kan ta dette til orientering no og be revisor følgje opp dette i 2022 for å sikre at praksis er endra.

Vedlegg

Nummerert brev nr. 4 Ålesund Kommune - Fosterheimsgodtgjering

Kontrollutvalget i Ålesund kommune

Kopi:

Kommunedirektør

Revisorbrev nr. 4 – I tilknytning til gjennomført etterlevelseskontroll med bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen for 2021

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Ålesund kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Kontroll av etterlevelse av reglene om fosterhjemsgodtgjørelse i forskrift om fosterhjem §6 hvor vi kontrollerer om kommunen

1. har etablert avtale i henhold til regelverket
2. at godtgjørelse er i tråd med retningslinjene og avtale

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2021 til 31.12.2021.

Kriterier er hentet fra: forskrift om fosterhjem §6, fosterhjemsavtalen utarbeidet av Barne- og familiedepartementet og regjeringens fosterhjemsstrategi.

I vår uttalelse er det gitt en konklusjon med forbehold. Årsaken til dette er at vi i våre kontrollhandlinger og innhentede bevis knyttet til kontrollhandling 2, har blitt oppmerksomme på avvik i etterlevelse av regelverk og retningslinjer knyttet til utbetalinger av fosterhjemsgodtgjørelse. Tilleggsavtale til fosterhjemsavtalen som redegjør for godtgjørelser, endringer i godtgjørelse og periode, var ved enkelte avtaler og perioder mangelfull. Vi kan således ikke uttale oss om at godtgjørelsen er i tråd med retningslinjene og avtaler.

I henhold til standard for forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen, RSK 301, skal avvik som fører til en modifisert uttalelse kommuniseres til kontrollutvalget i nummerert brev. Dette skal også kommuniseres til kommunedirektøren, og dette brevet sendes derfor med kopi til kommunedirektøren.

Ålesund, 30.juni 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Linn Gunhild Pettersen
oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 24/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
31.08.2022

Uttale om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - Fosterheimsgodtgjering Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2021 til orientering.

Bakgrunn:

I kommunelova § 24-9 har revisor fått følgjande pliktige oppgåve:

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Ansvar for oppgåva er lagt til rekneskapsrevisor og det er i lova lagt opp til ein uttale på utført arbeid med moderat sikkerheit. Oppgåva innebærer bruk av standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarar ved utføring av oppgåva.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å påsjå at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet frå kontrollen. Resultatet frå ein forenkla etterlevingskontroll kan nyttast som eit grunnlag for kontrollutvalet for å vurdere om det er behov for å utføre meir kontroll eller revisjon.

Departementet uttaler at formålet med oppgåva er å medverke til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i sentrale delar av økonomiforvaltninga som ikkje nødvendigvis vert

kontrollert under den finansielle revisjonen. Dette vil også styrke grunnlaget for at kontrollutvalet kan ta vare på sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga foregår i samsvar med føresegner og vedtak.

Revisor har følgjande oppgåver ved forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, jf kommunelova § 24-9:

- legge fram for kontrollutvalet ei risiko- og vesentlegvurdering av etterleving i økonomiforvaltninga, som dannar grunnlag for utføring av kontrollen.
- gjennomføre den forenkla etterlevingskontrollen
- rapportere på utført oppgåve til kontrollutvalet innan 30.juni.

Som følge av RSK 301 (God kommunal revisjonsskikk RSK 301 for forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen) punkt A6 skal revisor basert på sin kjennskap til kommunene, gjere ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av enkelte områder innan økonomiforvaltninga. Møre og Romsdal Revisjon SA la ROV-analysa fram for Ålesund kontrollutval 1. desember 2021 i sak 39/21.

Det følgjer av RSK 301 A16 at det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast. Revisor valgte for 2021 området fosterheimgodtgjering i Ålesund kommune.

Vurdering:

Arbeidet med oppgåva skal følgje RSK 301 Forenklet etterlevingskontroll med økonomiforvaltningen. Denne standarden krev at revisor planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for kor vidt det ligg føre vesentlege feil eller mangler ved etterleving av føresegner og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning på det valgte området. Moderat sikkerheit har lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit.

Med bakgrunn i si ROV-analyse har Møre og Romsdal Revisjon SA sett på følgjande for perioden 01.01.2021 - 31.12.2021 i Ålesund kommune:

Kontroll av etterleving av reglane for fosterheimgodtgjering i Forskrift om fosterheim §6 med kontroll på om kommunen

1. har etablert avtale i henhold til regelverket
2. at godtgjørelse er i tråd med retningslinjene og avtale

Kriterier for kontrollen har revisor henta frå:

- Forskrift om om fosterheim §6
- Fosterheimavtalen utarbeida av Barne- og familiedepartementet
- Regjeringa sin strategi for fosterheimar
- Kommunen sine eigne rutiner og retningslinjer på området

Kommunelova seier at revisor skal legge fram ein skrifteleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Uttalen er motteke i sekretariatet og journalført 30.06.2022.

I sin uttale har revisor teke eit atterhald på bakgrunn av utførte kontrollhandlingar og innhenta bevis der revisor vart merksam på avvik knytt til at enkelte avtalar var mangelfulle. Revisor kan difor ikkje uttale seg om godtgjeringa er i tråd med retningslinjer og avtaler. Revisor har, som revisor pliktar å gjere, meldt frå om dette til kontrollutvalet i eit nummerert brev. Dette vert handsama i eiga sak i kontrollutvalet sitt møte.

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjeve følgjande konklusjon i sin attestasjonsuttale knytt til

forenkla etterlevingskontroll 2021 for Ålesund kommune:

Basert på de utførte handlingene og det innhentede bevis er vi, med unntak av virkningen av forholdet beskrevet i avsnittet "Grunnlag for konklusjon med forbehold" i vår uttalelse, er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir grunn til å tro at Ålesund kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd reglene i forskrift om fosterhjem §6.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påseansvar med økonomiforvaltningen og til Ålesund kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Sekretariatet si vurdering er at kommunen har, i følge revisor, tatt grep for å lukke avvika og at revisor kan følge opp vidare om så er gjort. Ut over det har ikkje revisor blitt merksam på noko som gir grunn til å tru at Ålesund kommune ikkje i det alt vesenlege har etterlevd dei kontrollerte reglane knytt til godtgjering for fosterheimar. På bakgrunn av det tilrår sekretariatet at kontrollutvalet tek saka til orientering. Knytt til handsaming av det nummererte brevet tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ber revisor om å følge opp avviket i 2022, for å sjå om kommunen sin praksis er endra.

Revisor frå Møre og Romsdal Revisjon SA vil vere tilstades i møtet til Ålesund kontrollutval 31.08.2022 for å presentere uttalen og svare på spørsmål.

Vedlegg

Uttale frå revisor om forenkla etterlevingskontroll 2021- Fosterheimsgodtgjering - Ålesund kommune

Revisor sin presentasjon av rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2021 - Ålesund

Til Kontrollutvalget i Ålesund kommune	Kopi til Kommunedirektøren
--	----------------------------

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelseskontroll med av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen for 2021

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Ålesund kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Kontroll av etterlevelse av reglene om fosterhjemsgodtgjørelse i forskrift om fosterhjem §6 hvor vi kontrollerer om kommunen

1. har etablert avtale i henhold til regelverket
2. at godtgjørelse er i tråd med retningslinjene og avtale

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2021 til 31.12.2021.

Kriterier er hentet fra: forskrift om fosterhjem §6, fosterhjemsavtalen utarbeidet av Barne- og familiedepartementet og regjeringens fosterhjemsstrategi.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll, ISQC 1 *Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester*, har Møre og Romsdal Revisjon SA et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 *Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen*. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil

eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for konklusjon med forbehold

Basert på utførte kontrollhandlinger og innhentede bevis knyttet til kontrollhandling 2, har vi blitt oppmerksomme på avvik i etterlevelse av regelverk og retningslinjer knyttet til utbetalinger av fosterhjems godtgjørelse.

- Tilleggsavtale til fosterhjemsavtalen som redegjør for godtgjørelser, endringer i godtgjørelse og periode, var ved enkelte avtaler og perioder mangelfull. Vi kan således ikke uttale oss om at godtgjørelsen er i tråd med retningslinjene og avtaler.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og det innhentede bevis er vi, med unntak av virkningen av forholdet beskrevet i avsnittet *Grunnlag for konklusjon med forbehold* i vår uttalelse, er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Ålesund kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd reglene i forskrift om fosterhjem §6.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påseansvar med økonomiforvaltningen og til Ålesund kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Ålesund, 30.juni 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Linn Gunhild Pettersen
oppdragsansvarlig revisor



Forenklet etterlevelseskontroll 2021

Kontrollutvalget Ålesund kommune

OVERSENDT ADMINISTRASJONEN TIL ORIENTERING: 30. JUNI 2022

MØTE I KONTROLLUTVALGET: 31. AUGUST 2022

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

Forenklet etterlevelseskontroll 2021



Fosterhjemsgodtgjørelse

Våre kontrollpunkter

- ▶ Etablert avtale i henhold til regelverket
- ▶ Godtgjørelse i tråd med retningslinjene

Kilde

- ▶ Forskrift om fosterhjem, fosterhjemsavtale, KS veiledende satser og retningslinjer og regjeringens fosterhjemsstrategi
- ▶ Kommunens egne rutiner og retningslinjer på området

Kriterier og kilder

Forskrift om fosterhjem §6

- ▶ Det skal inngås skriftlig avtale (fosterhjemsavtale – skjema utarbeidet av barne og fam.dep)
- ▶ Avtalen skal gjennomgås minimum en gang i året (tilleggsavtaler)

Fosterhjemsavtalen avsnitt nr. 6

- ▶ Avtale om hvilken type godtgjørelse
 - ▶ Arbeidsgodtgjørelse
 - ▶ Veiledende satser fastsatt av KS
 - ▶ Forsterket godtgjørelse fastsatt i avtale mellom partene
 - ▶ Utgiftsdekning
 - ▶ Løpende utgifter - fast sats og barnetrygd
 - ▶ Nødvendige ekstrautgifter – søknad – kreves dokumentasjon – kan avtales særskilt en fast kostnadsdekning
- ▶ Særskilt engangsutgift ved plassering
- ▶ Forsikring og dekning fra folketrygden
 - ▶ Ulykkesforsikring, reiseforsikring, evt. grunnstønad og eller hjelpestønad

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Oppsummering av funn

Vi har plukket ut 5 tilfeldige avtaler for kontroll

Våre funn gjeldende **Ålesund kommune** oppsummeres slik:

Kontrollpunkter:

- ▶ Etablert avtale i henhold til regelverket
 - ▶ Det er etablert avtale for samtlige og var tilgjengelig for oss på forespørsel
 - ▶ Tilleggsvedtak* mangelfull for enkelte avtaler og perioder
- ▶ Godtgjørelse i tråd med retningslinjene
 - ▶ På grunn av manglende tilleggsvedtak i enkelte saker kan vi ikke uttale oss om godtgjørelsen er i tråd med retningslinjene

*Tilleggsvedtak – vedlegg til avtalen som viser godtgjørelse og endringer i godtgjørelse og perioder. Skal gjennomgå/utarbeides minimum en gang i året.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Oppfølging og rapportering

- ▶ Oppfølging
 - ▶ Vi anbefaler at Ålesund kommune påser at det etableres rutiner som sikrer at utbetalinger til fosterhjemsgodtgørelse er i tråd med retningslinjer og lovkrav.
 - ▶ Vi har hatt løpende dialog med virksomhetsleder som har iverksatt strakstiltak for å sikre ovennevnte
- ▶ Revisjonens funn og konklusjon er rapportert til kontrollutvalg med kopi til kommunedirektøren, datert 30.Juni 2022
- ▶ Vi mottok signert fullstendighetserklæring fra kommunedirektøren datert 30. Juni 2022

“ Vi skal bidra til økt tillit mellom innbyggerne og våre eierkommuner ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/22	Ålesund kontrollutval	31.08.2022

Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter revisjon av årsrekneskapa 2021 til vitande. Kontrollutvalet bed revisor om å følgje opp dei forbetringpunkt som revisor har peika på i si orientering.

Bakgrunn:

Denne saka er ei oppsummering av det arbeidet som er gjort i høve revisjon av rekneskapen for 2021.

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at:

- årsrekneskapa til kommunen blir reviderte på ein forsvarleg måte.
- rekneskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og instruksar frå kontrollutvalet og i tråd med avtaler med revisor.
- rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller fulgt opp. Viss påpeikingane ikkje blir retta eller fulgt opp, skal kontrollutvalet rapportere dette til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal, jf. kommunelova § 14-3, 3.ledd, uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapa og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak.



Vurdering:

Revisjonen har nå avslutta revisjonen av årsrekneskapane til Ålesund kommune for regnskapsåret 2021.

Revisor gav i vår si revisjonsmelding med eit atterhald. Først og fremst fordi fristen for innlevering av rekneskap og årsmelding ikkje vart halden, men også fordi der var høve som revisor tok atterhald på. Den endelege revisjonsmeldinga er datert 19. mai 2021. Kontrollutvalet mottok eit nummerert brev frå revisor om atterhaldet knytt til omklassifisering av lån. Både revisor og økonomisjef gav gjorde greie for dette i kontrollutvalet sitt møte, før kontrollutvalet gav sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret var slik:

"Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere seg kjent med følgjande forhold før dei godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommune:

- *årsrekneskap og årsmelding 2021 vart levert lenge etter dei fristar kommunelova set.*
- *det er gjort ei omklassifisering av langsiktig gjeld til likviditetslån, utan refinansiering og kommunestyrevedtak.*
- *revisor tek atterhald i si revisjonsmelding knytt til denne omklassifiseringa*

Kontrollutvalet bed kommunestyret vurdere om finansreglementet er i samsvar med gjeldande lovverk.

Ut over dette er der ikkje andre tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale."

